



Kjell Bertel Nyland

Curriculum vitae

Adresse	Bergveien 45, 5152 Bønes
Fødselsdato	20. mars 1949
Sivil status	Gift. 3 barn
Utdanning	Teologisk embetseksamen/praktisk teologisk seminar Delstudiar i administrative fag ved NHHs kursverksemd: (organisasjonsteori, foretaksstrategi, markedsføring) Leiarskule ved Institutt for samarbeid og utvikling "Kirken i Norge mot 2000-årene". Spesialkompetanse i praktisk presteteneste ved MF Kurs i journalistikk ved NKS
Eventuelle faglege publikasjonar	"Tolk & Tjener" – et bidrag til Sjømannskirkens selvforståelse og brukerforståelse, 2005. Ny revidert utgåve i 2008.
Arbeidspraksis	1992 – d.d: Generalsekretær i Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet 1983 – 1992: Medlem av Sjømannskyrkjias leiargruppe, først som informasjonssjef/heimesekretær, deretter informasjonssjef/markedssjef og ein kortare periode også som redaktør. 1978 – 1983: Sjømannsprest i New Orleans
Tillitsverv og engasjement	2007 - d.d.: Rådsmedlem i Mellomkyrkjeleg Råd for Den norske kyrkje 2004 – d.d.: Medlem av sentralstyret i International Christian Maritime Organisation (for tida visepresident) 2003 – d.d.: Medlem i styret for Dykkerkontakten – pionerdykkerne i Nordsjøen

I to periodar styremedlem i Organisasjonens Fellesråd,
OF, (formann i perioden 1998 – 2000)
Tidleg på 1990-talet var eg varamann i Bergen Bystyre
(Kr.F)

Svar frå Kjell Bertel Nyland på spørsmål stilt av Bjørgvin bispedømmeråd.

1. Kva visjon har du for Den norske kyrkja framover?

Visjonen er den same som har følgt meg heile mitt kyrkjeaktive liv, - frå den gong eg var engasjert i kristent ungdomsarbeid i Nordfjord i regi av KFUM/K, til mine mange år i Sjømannskyrkja. Det handlar om at menneske skal få *mot til tru, håp og engasjement*. Eg ønske framleis å arbeide for ei åpen og tydeleg folkekyrkje som i særleg grad har øyre og hjarte for den som kjenner seg uferdig og usikker i trua si. Dette må skje i ramma av det sjølvbildet Den norske kyrkja teiknar av seg sjølv: - *ei vedkjennande, misjonerande, tenande og åpen folkekyrkje*.

2. Kva er kjernen i di forkynning av Guds ord?

Det handlar om nåden. Forteljinga om faren som løp den bortkomne og etterkvart heimvendande sonen i møte, endå mens han var langt borte, rører framleis mitt eige hjarte og er til stor inspirasjon i mi eiga forkynning.

3. Kva generelle leiareigenskapar har du?

Eg vil gjerne tru at eg er ein teambygger som gjev medarbeidarane mine handlerom og fridom til å ta ansvar, - men alltid i samanheng med den visjonen eg som leiar har hovedansvar for å teikne. Eg opplever at eg samhandlar lett med dei fleste, - at eg har evne både til strategisk tenkning og til iverksettelse og at eg maktar å kommunisere visjonar og mål på ein motiverande måte.

Eg har fått vere ein sentral del av Sjømannskyrkja si leiing i ein periode då organisasjonen har gått gjennom svært store endringsprosessar.

Leiareigenskapane mine har i praksis vorte utvikla i eit kontinuerleg arbeid med ideologi, strategi, personalarbeid og økonomi.

Når det trengs, kan eg vere tilstrekkeleg myndig og bestemt.

4. Kva vil du som biskop her i Bjørgvin legge vekt på i rolla som åndeleg leiar?

Eg vil legge vekt på "vintresamanhengen". Skal eg som åndeleg leiar ha noko å gje vidare til andre, må eg sjølv først fyllast med det eg skal gå med. Skal eg kunne vere eit lesbart Kristi brev i møte med andre menneske, må Kristus først ha fylt meg med sitt og sett sitt stempel på panna mi. Difor må eg som åndeleg leiar, på ein integrert måte, både leve nær Gud og nær mennesket, - nær truas kjelde og nær medmenneska mine samstundes.

5. Fortel kort om dine personlege eigenskapar/ådeleg utrustning/nådegåver

Fordi eg i utgangspunktet er beskjeden av natur, opplever eg at nærvaeret mitt ikkje virkar truande på menneske rundt meg, - men at dei kjenner seg sett og verdsett. Samstundes har det vore nødvendig å utvikle relasjonell kompetanse og relasjonelt mot. Dette har kome meg til nytte i møte med stadig fleire samarbeidspartnarar blant anna innan næringsliv, politikk, utanriksteneste, reiseliv og norsk idrett.

Nokre gongar kjenner eg ei innvendig spenning mellom klassisk vestlandsk kristendom og den noko åpnare KFUM/Sjømannskyrkje-kristendomen. Eg trur denne "spenninga" i meg har gjeve meg evne til å møte menneske med ulik bakgrunn og ådeleg ståstad.

6. Nemn døme på situasjonar/saker/arenaer der du opplever å ha lukkast som kommunikator

Eg opplever at eg har lukkast som kommunikator i dei krevande endringsprosessane som har funne stad i Sjømannskyrkja "i mi tid": - overgangen til å bli Norsk kyrkje i utlandet, innføring av ny styringsstruktur i organisasjonen, namneendring osv. Dessutan har det i stor grad handla om å formulere visjonar og verdjar, - gjere desse kjent og kjær i eigen organisasjon, - og kommunisere kva Sjømannskyrkja i dag står for og kan bidra med overfor ikkje-kyrkjelege samarbeidspartnarar.

7. Mange teologiske og kyrkjepolitiske saker er på dagsorden i kyrkja. Nemn dei sakene du sjølv synes er mest avgjerande og kva syn du har i desse sakene.

I teologiske og kyrkjepolitiske saker befinn eg meg i sentrum av Den norske Kyrkja. Eg har lagt vekt på å skape klima for samhandling mellom tilsette med ulike meiningar om det som rører seg i kyrkja. Eg opplever at eg har bidratt til at Sjømannskyrkja har makta å halde fokus på det som alltid må stå øverst på den teologiske og kyrkjepolitiske dagsorden; - *å forkynne evangeliet både gjennom ord og gjerning.*

Bærekraftreforma: I tida framover vil Bærekraftreforma stå særleg høgt på kyrkjjas dagsorden. På dette området har Bjørgvin allereie forbilledleg sagt at vi skal gå "saman som forvaltarar". Det må handle om at lokalkyrkelydane får hjelp til å tenke heilskapleg; - at gudstenestefeiring, diakoni, undervisning, misjon og samfunnsengasjement høyrer saman i det å vere kyrkje.

Ei diakonal kyrkje: Eg vonar at den nye planen for diakoni i kyrkja vil gje inspirasjon til å tenke stort om dette å vere ei diakonal kyrkje, - at diakonien

er kyrkja sitt kroppspråk og evangeliet i handling, - at diakonien ikkje er eit tillegg til alt det andre kyrkja skal stelle med, men ein sjølvstendig og integrert del av det å vere kyrkje.

Ekteskapslova: Eg meiner at ekteskapsbegrepet framleis skal knytast til det offisielt inngåtte samlivet mellom mann og kvinne. Dette er ei ordning som står i særstilling og er noko anna enn eit ordna partnerskap mellom to menneske av same kjønn. Ekteskapet mellom mann og kvinne er begrunna i kristen tradisjon og tenkning og er ein fellesverdi i vår eigen kulturtradisjon. På grunn av ekteskapets særlege karakter, meiner eg at det *ikkje* vil vere rett å åpne for kyrkjeleg medverknad ved inngåing av likekjønna ekteskap. Samfunnet må samstundes sørge for andre samfunnsmessige ordningar som gjev andre samlivsformer like rettar og plikter. Til dette formålet har vi fått partnerskapslova.

Homofilt samlevande og tilsetjing i kyrkja: Om eg hadde hatt stemmerett på Kyrkjemøtet 2007, hadde eg kome til å støtte det som blei fleirtalsvedtaket. Det vil kreve mykje bønn og arbeid for å finne fram til ordningar som kan hjelpe oss å leve og arbeide saman med ulike meiningar i denne saka.

8. Er det noko anna du vil legge vekt på eller du vil at bispedømmerrådet skal vere kjent med?

Eg vil gjerne løfte den erfaringa eg har med *å vere ei tydeleg kyrkje i møte med folkekyrkja på sitt aller breiaste.*